



Jnr. 1080.17  
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## UTTALE REGIONAL PLAN FOR KOMPETANSE OG ARBEIDSKRAFT – 2014/17126

Samarbeidsrådet for Sunnhordland handsama i møte 15 juni uttale til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er ein gjennomgåande god plan som set fokus på dei utfordringane arbeidslivet står ovanfor i framtida.

*«Målet er å kunne møte utfordringane knytt til omstilling, tilgang til nok kvalifisert arbeidskraft, god kompetanse og målretta læring i arbeidslivet. Strategien skal bidra til å realisera regjeringa sine mål om eit meir kompetansebasert arbeids- og næringsliv.»*

Samarbeidsrådet er samde i dei mål og strategiar som er fremja i planen, men har følgjande innspel/ merknader:

### **Vidaregåande skular**

*«Nasjonale myndigheita ønskjer å styrkja regionalt folkevalt nivå sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle. Det betyr at Hordaland fylkeskommune må ta ei koordinerande rolle i dette arbeidet.»*

For Sunnhordland er det avgjerande at regionen har eit utdanningstilbod som er tilpassa næringslivet sine behov. Det vert difor ikkje samsvar mellom dei gode intensjonane i planen som no er på høyring, og realitetane, når ein gjennom skulebruksplanen legg ned dei vidaregåande skulane i Rubbestadneset og i Etne.

Dei vidaregåande skulane er heilt avgjerande for å leggja grunnlaget for den kompetansen arbeidslivet treng, og fleksibiliteten her må vektleggast sterkt. Det må og gjerast tiltak der regionane vert sterkare høyrte i prioritering av linjeval.

Regional plan har fokus på auka samspel mellom dei ulike aktørane som kan arbeida saman for å skapa ein betre balanse mellom etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft. Dette vert konkretisert gjennom tiltaka i handlingsplanen.

Samarbeidsrådet vil særleg trekka fram at det er god breidde i tiltaka og at dei femner om fleire utdanningsnivå og ser at tiltak 5.10 vert svært viktig for industriregionen Sunnhordland.

”Stord modellen” er eit godt eksempel på dette.

Sunnhordland har gode erfaringar med karriererettleiing og er nøgde med at dette er omhandla i planen.

Samarbeidsrådet ynskjer lukka til med gjennomføring av tiltaka, og vil gjerne vera ein aktør i arbeidet der dette er naturleg.

Sunnhordland, 19 juni 2017

Wenche Tislevoll  
styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*